

Bygda – forståing og implikasjonar

Med det kulturelle skiftet i bygdesosiologien har sosialkonstruktivistiske bygdesosiologar og andre overstuderte røvarar innteke bygdene våre. Alle har dei forlese seg på kryptiske postmoderne teoriar, og saman er dei i ferd med å gjere bygdene våre om til passive tilbydarar av middelklassesymbol som mesta ingen eigentleg er nemneverdig interesserte i.

Bjørn Egil Flø er cand.polit. (sosiolog) med utdanning fra NTNU. Han er ansatt som dr.grads stipendiat ved Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim.

Av *Bjørn Egil Flø*

Endringane bygdene våre har gjennomgått dei siste femti åra har vore med på gradvis å svekke dei konvensjonelle skilja mellom by og land. Samstundes kan ein seie at dei same endringane har verka hin vegen. For ettersom bygda har nærma seg byen både på det materielle og det immaterielle planet, har også byen nærma seg bygda. Alt i 1984 lanserte Andreas Hompland sitt omgrep «*rurbaniseringsprosessen*» (Hompland 1984, 1990), der skildra han nett denne utviklinga og påpeika det stadig meir diffuse skiljet mellom by og land.

Stadig betre kommunikasjon og satsing på infrastruktur har gjort sitt til at dei tilsynelatande rurale områda i stort sett heile den vestlege verda har vorte effektivt «urbanisert» kulturelt sett. Den same mekanismen kan me sjå i høve til forholdet mellom det lokale og det globale, der finn me spesifikke kulturelle særtrekk forma nett i denne brytninga (Lønning 2007). Inntrykka og meldingane frå Hollywood, MTV, CNN og Google gjer at den isolerte og tradisjonalistiske ruraliteten er forelda, den har med andre ord blitt ei anakronisme i vår tid. Samstundes

ser me at etter kvart som det globale vert større og meir uoversiktleg, vert også det lokale og nære stadig viktigare. Over heile den vestlege verda veks dei lokale matmarknadane fram att og den lokal maten er ifylgje redaktøren for tidsskriftet *E – The Environmental Magazine*, Brita Belli (2007), i ferd med å erobre posisjonen som «the new organic».

I enkelte land, særleg Storbritannia og delvis USA, har det også vore ein betydeleg tilstrøyming av urbane til enkelte rurale lokalsamfunn. Denne «*kontraurbaniseringa*» har dels vore sett saman med byane sine vekstmerter og dels den stadige auken i folk som innehar det som vert kalla «frie yrker» (Bell 1994, 2007). Den utprega fleksibiliteten som denne typen yrke gir, kombinert med den infrastrukturelle utviklinga både innan transport og kommunikasjonsteknologi, gjer det mogeleg å «flykte» frå dei trongbudde byane og busette seg i landlege omgivingar for den som måtte ønskje det.

Her til lands har me førebels sett lite av det som kan kallast kontraurbanisering. Kanskje skuldast det rett og slett at byane våre er for gode? Kanskje skuldast det at det er for kort veg til bymarka og at bylufta er for rein til at ein finn bygda meir attraktiv enn byen? Kanskje skuldast det at det urbane lokalsamfunnet har like mykje å tilby som grendesamfunna? Eller kanskje er det slik at den ruraliteten andre lands kontraurbane søker finn me nordmenn like gjerne i byane? Kanskje er tomtene i bustadområda som omkransar byane våre passe store til at kvar og ein av oss opplever å ha armslag nok? Eller er det slik at vår utprega hyttekultur er med på å demme opp for kontraurbaniseringa, og at me «shoppar» ruralitet når me ønskjer det og dermed ikkje treng å flytte på bygda for å leve ut våre rurale draumar? Kanskje opplever me at byane våre er vel så trygge og sunne som bygdene? Og at me

dermed ikkje treng Mariann Villa (2000, 2005) si *Livsfasebygd* i stor nok utstrekning til at det vert signifikante utslag på Statistisk sentralbyrå sine flyttestatistikkar.

Det kan uansett tykkjast vere stor avstand mellom folk sine draumar og det dei faktisk realiserar. Skal me tru det folk sjølve fortel til Norsk Monitor si undersøking i 2005 er nemleg 27 % av befolkninga interessert i å kjøpe småbruk (Blekesaune, Haugen & Villa 2007). Skulle berre delar av desse realisere draumane sine vil me om ikkje så lenge endeleg kunne snakke om ei kontraurbanisering også i Noreg. Men det er vel med dei som med så mange av oss – at det vert liksom berre med tanken.

Den demografiske utviklinga både skaper og er skapt av økonomiske endringar. I takt med at arbeidsstyrken innan primærnæringane har vorte betydeleg redusert har også primærnæringane sin tradisjonelle dominans vorte svekka. I takt med denne svekkinga har me også sett eit gradvis skifte i korleis me aksentuerar landskapet i det rurale. Frå nærast utelukkande å ha vore eit produksjonslandskap er me no i ferd med å sjå at det vert gjort til eit slags forbrukslandskap. Landbruket skal serve oss med ei heil rekkje funksjonar som det for så vidt alltid har produsert, men skilnaden no er at desse funksjonane inngår som ein del av oppdraget åt landbruket. Det er ikkje lenger nok å produsere mat og fiber, no skal det også produserast kulturlandskap som reiselivsnæringa sine gjestar skal kunne konsumere frå akterdekket på sine eksklusive fjordcruise.

Me har vore vitne til ei omfattande omlegging av støtteordningane både her til lands og i EUs felles landbrukspolitikk; frå støtte til produksjon av mat er me no over på støtte for produksjon av sokalla kollektive godar som til dømes kulturlandskap, biodiversitet og levende bygder. Frå næringa sjølv vert det hevda at multifunksjonane er eit biprodukt av eit sunt og økonomisk berekraftig landbruk og at dei vert best ivaretekne om ein opprettheld landbruket fyrst og fremst som matproducent og i tilnærma same omfang som i dag.

Trass tildels store nasjonale skilnadar i utviklinga av dei rurale samfunna verkar det rimeleg å likevel seie seg samd med Marc Mormont (1990) som hevdar at ein i dei vestlege rurale områda har opplevd ei endring i forholdet mellom den romlege og den sosiale ruraliteten, ei endring som har bidrege til at det tradisjonelle skiljet mellom by og bygd også har skrumpa inn. Mormont hevdar vidare at me no heller bør snakke om eit mangfald av sosiale rom som overlappar det same geografiske området. Så medan det geografiske skiljet til byen og bygda gradvis har blitt vaska ut, er skiljet oppretthalde i vår sosiale distinksjon av ruralitet og tilhøvet mellom by og land.

Etter kvart som byane veks og pendlaromlandet strekkjer seg lenger og lenger ut over bygdene skjer der også ei utviklinga av urbaniteten like fullt som av ruraliteten. Dette er noko også den franske antropologen og reiselivsforskaren Jean Didier Urbain (2002) påpeikar når han hevdar at det skjer ei ruralisering av svært viktige delar av det urbane. Sentraliseringa har bidrege til at også urbaniteten har endra seg og me finn i dag viktige urbane særtrekk i alle dei mindre tettstadane kring om i landet, det vere seg kaffibarar like fult som narkotikakriminalitet. For sjølv om moderniteten nok har innhenta den bygda Arne Bendiksen tenkte på då han omdikta Merle Haggard si tekst «Okie from Muskogee» til norsk, under namnet «Bonde i fra bygda», lever likevel representasjonen av den same bygda betre enn nokon gong før nettopp under moderniteten.

Teoretisering av det rurale

Den mangeårige redaktøren for det britiske tidskriftet *Journal of Rural Studies*, Paul Cloke (2006) hevdar det finst tre ulike teoretiske rammeverk i høve til å omgrepsfeste ruralitet. Den fyrste har preg av det han kallar ei slags «funksjonell» forståing av det rurale der prosjektet har vore å leite etter funksjonelle element på staden, i landskapet og i samfunnet. Her har det rurale vore definert i forhold til:

- Å vere dominert av ekstensiv arealbruk, hovudsakleg jord- og skogbruk.
- Å bestå av små, og som han seier «lågare ordens» busetnadar og bygningar som demonstrerer dei sterke banda til nettopp jord- og skogbruk. Og som også er intuitivt forstått som ruralt av dei rurale sjølve.
- Innbyggerane sine sterke identitetsband til både staden, landskapet og samfunnet.

Den andre meiningsberande teoretiske retninga i ruralitetsteorien er kjenneteikna ved bruken av omgrepet politisk-økonomi. Politisk-økonomi vart fyrst og fremst nytta for å klargjere eigenskapar ved det rurale og kva posisjon det rurale har eller vert gitt i høve til den sosiale produksjonen av sin eigen eksistens. Som fylgje av politisk-økonomi perspektivet vart etter kvart stadig meir av merksemda retta mot det faktum at mykje, ja nærast det meste, av det som skjer innanfor dei rurale samfunna eigentleg ligg utanfor dei rurale samfunna sine myndighetsområde. Dermed mista også det rurale sin posisjon som analytisk omgrep, og Keith Hoggart (1990) tok til orde for å kaste heile ruralitetsomgrepet over bord og heller konsentrere seg om sektorvise studiar som strekte seg tvers over rural – urban skiljelinjene.

Trass kritikken innebar likevel ikkje adopsjonen av politisk-økonomi perspektivet ruralitetsomgrepet sin endelege død. For sjølv om mange av rural-sosiologiane¹ retta merksemda mot skiftet frå det produktivistiske til det post-produktivistiske landbruket, gjorde andre framsteg i retning ideen om den rurale dimensjon – ei retning delvis inspirert av mellom anna Paul Cloke (1977), Malcolm Moseley (1980), David Harvey (1985) og seinare Paul Cloke og Mark Goodwin (1992). Her heime gjorde Reidar Almås og Kari Mette Elden (1997) eit tilsvarande arbeid kring midten på 1990-talet.

Den tredje teoretiske hovudretninga innan ruralitet og teoretisering av det rurale kan kallast «den sosiale konstruksjon» av det rurale og er klart ein meir postmoderne og post-strukturalistisk måte å tenke på. Her er merksemda retta mot dei sosiale, kulturelle og moralske verdiane som er tillagt det rurale. Ei tilnærming som opnar for studie av korleis måten me er på, eller praksisar om du vil, samt dei formelle og uformelle vedtakssystema og sjølve den sosiale framføringa vert kontekstualisert og påverka av det sosiale og kulturelle meiningsinnhaldet knytt til det rurale og den stadeigne ruraliteten.

To av dei mest framtrêdande bidragsytarane til denne retninga har vore belgaren Marc Mormont og britten Keith Halfacree. Halfacree (1993) ser ut til å drage vekslar på den franske kultursosiologen Jean Baudrillard (1983) som antyder at symbolikken er i ferd med å få forrang framfor materialiteten, når han skal definerar sin forståing av den notidige ruraliteten. Det rurale var med andre ord meir enn einast det materielle, det var meir enn «*rural locality*» og «*lives of the rural*» som han sjølv kalla det, det rurale hadde gått over til også å vere immaterielt og ideatonalt. Det rurale er både konkret og abstrakt, det er både materielt og immaterielt, det er både ei røynsle og ei førestilling, det er både ein realitet og ein myte, det er både verkeleg og uverkeleg. Halfacree (1993, 1995, 2006) ser altså den postmoderne bygda som mangfaldig, men finn det framleis forsvarleg å forstå «*rural locality*» som områder prega av særskilde romelege praksisar – det vere seg praksisar knytt til både produksjon og forbruk.

Eit kulturelt skift

Bygdesosiologien som mesta alle andre retningar innan samfunnsfaga, har altså også slite med å finne forma si. Den har slite med å knyte seg til dei kulturelle skifta som til ei kvar tid føl samfunnsutviklinga. Då ein, med Halfacree i spissen, tok inn over seg sosial-konstruktivismen, representerte det samstundes ei vending i retning det kultursosiologiske, eller det sosio-kulturelle om du vil, og vekk frå den dominerande sosio-økonomiske retninga som disiplinen var tufta på. Frå mesta utelukkande

å ha vore opptatt av materielle faktorar skapte den generelle kulturelle vendinga ein bygdesosiologi som naturleg nok fekk auka interesse for omgrep som *meiningsinnhald*, *identitet* og *representasjon*. Og etter kvart som det vitskaplege miljøet tok opp i seg desse omgrepa fekk dei også auka gjennomslag i bygdeutviklingsarbeidet.

Utviklinga kan seiast å ha gått i retning av Andreas Hompland (1984) sin før omtalte rurbaniseringsprosess. Skilnadane mellom by og bygd har vorte svakare og ein har nærma seg kvarandre både materielt og kulturelt. I livsstilsmagasina som til dømes Interiørmagasinet, Lev Landlig, Bo-Nytt og liknande kan me sjå at det rurale, eller det «landlige» om du vil, har vore framstilt svært positivt utover mot slutten av 90-talet og framover på 2000-talet. Samstundes kan ein vanskeleg sjå anna enn at den gode vilje nok har bikka mot overdriven bruk av klisjear framfor å gi ei nyansert og interessant framstilling av det rurale. Også forskinga på 90-talet syner at bygdene vart tydelegare knytt til nettopp førestillinga om «the rural idyll» (Halfacree 1993, 1995; Jones 1995). Ei førestilling som ifylgje Arnljot Løseth (1991) også vert framavla og gitt liv av nettopp forskinga, då mykje av litteraturen om sosiale relasjonar i bygdesamfunna vert skapt i eit bilete av det «like» bygdesamfunnet. Idealiseringa av bygdesamfunnet har med andre ord bidrege til å skjule faktiske ulikskapar. Som tidlegare nemnt kom den før så materielt orienterte bygdepolitiske debatten no i større grad til å dreie seg om bygda som «*rural lokalitet*» og om «*sosial representasjon*» av det rurale (Halfacree 1993, 2006).

Då Mariann Villa (2000) lanserte sitt glimrande omgrepet «*Livsfasabygda*» poengterte ho at folk såg på bygda som ein stad som kunne levere det ein etterspurte i særskilde fasar av livet. Bygda som ein stad med trygge og gode oppvekstvilkår for born og lett tilgong til sunne og friske aktivitetar knytt til natur og friluftsliv og eit inkluderande og godt sosialt miljø, skulle no bli mange grender si redningsvov. Dag Jørund Lønning (2000, 2007) hevda på si side at mange no ønskjer å flytte til bygda for å realisere ein postmoderne livsstil, gjerne innan landbruket, med livskvalitet som stikkord.

Over alt kunne me lese om bygder som gjorde seg lekke for unge nyutdanna småbarnsfamiliar. Noko som stadfestar det Anne Viken skriv om at «*Norsk distriktsmarknadsføring har eit snev av elitisme over seg*» (Viken 2009: 47). I ein artikkel i Syn og Segn leverar ho ein bitande kritikk av Sogn og Fjordane si satsing på til- og tilbakeflyttarar gjennom prosjektet «Framtidsfylket». Her hevdar ho at marknadsføringa av distriktet ikkje lenger handlar om motkultur og det unike, men om kommersialisering av naturressursar og bustadar. Den politiske motkulturen er erstatta med glatt medkultur, pud-

Reinert (1997) sin sokalla Reinert-rapport og såg framveksten av nye marknader som ein måte «å få verdiskapinga attende til næringa» (Flø 2003). Også marknadsøkonomar som arbeidde med spesialprodukt, risiko og forbrukaråtfærd gav tilkjenne sin optimisme med formuleringar som: det er «vanskelig å ikke få en 'før flodbølgen' følelse når en analyserer markedet» (Jensen 2003: 11).

Stemminga i landbruket og dei agrare grendene var altså i ferd med å snu, og der den ikkje snudde av seg sjølv skulle den snuast. Reklamefolk, bygdeforskarar og konsulentar vart reisande i bygdeoptimisme og ruralt gladbodskap. Næroset på Ringsaker gjorde seg landskjende med ein fjernsynssendt jippo der folk reiste kring om i verda å hengde opp skilt som peika i retning Næroset som nett hadde utnemnt seg sjølv til fristat og teke merkevarenamnet «Lucky Næroset». «Vi må slutte med å syte og klage over hvor elendig det kunne bli om barneskolen vår ble nedlagt, og heller tegne lyse, positive framtidsbilder. Vi må skape noe positivt ut av denne situasjonen. Vi må finne på noe utradisjonelt, vi må rett og slett lage vår egen stat?!!!» fortel initiativtakar Hans Christian Medlien (TV2 2003) om bakgrunnen for ideen.

På Vestlandet gjekk ei gruppe strilar saman frå sirklane kring «Humørbonden» Geir Styve, som i årevis har reist land og strand rundt å helde foredrag om galskap, humor, mot og fantasi, og laga «Humørbygda» med eigen «Humørvimpel» og det heile (Nationen 2007). Og kven veit? Personleg meiner eg det tykkjest fornuftig å tru at det verkar, men likevel ufornuftig å late vere å reflektere over konsekvensane det kan få.

Sumaren 2005 kunne uansett Nationen (2005b) presentere dåverande landbruksminister Lars Sponheim sitjande på ei stabburshelle å lese gladnyhende om at «myten om et fraflyttingstruet bygde-Norge nå slår sprekker». Der meinte statsråden at «landbruket og jorda må ikke være som en losje for de få» og framheldt at «Noen ønsker å slå seg ned på landet for å nyte naturen, og vil gjerne boltre seg på sju mål med en bikkje, og noen vedstaber. Det må de få lov til, slikt skaper mangfold og liv i bygdene».

Me såg då tendensar til at det skjedde, ikkje slik å forstå at det kunne kallast ein trend, men eit og anna døme fann me då likevel. Som i grenda Tjura like ved Kirkenær i Hedmark der me kunne møte glaskunstnarane «som bles i kvar dei bur» (Nationen 2005a), eller i mi eiga heimbygd Flø i Ulstein kommune der nokre ulsteinvikarar og hareidsdølingar, ja endatil ein hærøyværing, omtalar seg sjølve som tilbakeflyttarar og lever sine trendy liv i rurale kulissar (Flø 2006). For vist er det mogleg. Stadig betre infrastruktur, særleg innan transport og kommunikasjon, har gjort det lettare å leve i utkantgrendene for den som har fleksibilitet nok til det og

som kan få gjort inntektsbringande arbeid ved hjelp av ei datamaskin og eit velfungerande breiband og mobilnett.

Prosjektmarologikken og implikasjonar for norsk bygdeutvikling

Dei rurale grendene konkurrerer med kvarandre om ei gruppe som kanskje ikkje finst. Dei konkurrerer om dei unge para. Dei konkurrerer om dei ressurssterke småbarnsforeldra med frie yrker og med ei dragning mot den rurale idyll. Dei konkurrerer om dei som skal ha funne byane for krevjande og som lengtar etter frisk luft og trygge omgivningar i pakt med den «naturlige» ruraliteten. Dei konkurrerer om middelklassedøtrene som bygdesosiologane fortel finst. Og reiskapen i konkurransen er kulturøkonomi. Kulturøkonomien skal gjere lokalsamfunna attraktive for desse sjølvmedvitne potensielle til- eller tilbakeflyttarane, den skal gjere lokalsamfunna til vinnarar over kvarandre i kampen om turistane og næringsetablerarane.

Kulturøkonomi er det nye mantraet ordførarar og rådmenn set sine skillingar på. «Vi er optimistiske, og kan ikke være noe annet», seier ordførar på Hamarøy Rolf Steffensen til Klassekampen (2009) og illustrerer vel med det lokalsamfunna sin rasjonalitet midt oppi det heile. Kulturøkonomi er «tidens melodi» og den som ønskjer å utløyse midlar for lokalsamfunnsutvikling gjer det best som spelar på lag med prosjektmarveldets logikk.

For me er av same sorten, me prosjektmarakarane innan forsking og utviklingsapparatet. Me er av same sorten anten me er finansiert av forskingsrådet, fylket eller Innovasjon Norge, me er av same sorten som dei me utviklar bygdene for. Alle drikk me altfor mykje raudvin og alle er me altfor glade i mjuke franske ostar og ruccolasalat. Me er middelklasseelitistar som ønskjer å skape eit bygde-Noreg i vårt bilete. Det er me som avgjer kva produkt det rurale reiselivet skal tilby, det er me som fortel kva «marknaden» etterspør, det er me som snakkar om at bygde-Noreg er best omsetjeleg som «identitetsmarkerande representasjonar av meiningsberande ruralitet». Det er nemlig me som gir råda, det er me som reiser kring om i landet og held foredrag og skriv artiklar på både glansa og uglansa papir om suksessar i bygde-Noreg. Det er oss du kan sjå på Norge i dag, NRK Dagsrevyen sitt distriktsmagasin for småstoff, kos og gladnyhende, der me står i sirkular kring ein arme osteproducent med kvart vårt glas Mozell i nevene – smilande og utan tanke for gjelda den arme bonden har lagt til seg i blind tru på råda me gir. Alle delar me den grunnleggande premiss om at i bygdeutviklinga er trua og imagen nesten alt.

Derfor ser du oss aldri ein sundag ettermiddag på Rinnleiret i Levanger der Asbjørn Sørholt serve-

rer kjøt, poteter og brun saus med riskrem til dessert, kvar einaste sundag for fulle hus. Han er bøndene i midt-Noreg sin største einskildkunde der han handlar tett på 10 tonn kjøt frå Nortura i året og leverer eit bidrag til verdiskapinga i bygde-Noreg som nok overgår dei fleste nisjeprodukta. Men så har han heller aldri spurt oss om råd, Sørholt. Og hadde han gjort det ville me svara at han måtte legge inn det *lokale* og *særeigne* i rettane. Produkta lyt kommunisere lokal identitet i balanse med miljøet og garnityret lyt harmonere med årstidene, fyrst då ville han fått støtte av oss.

Me lever av og for kvarandre me prosjektmakare. Den gjensidig avhengigheita sementerar livsløgna og opprettheld bløffen og gjer endring vanskeleg. Me sit der å styrar pengestraumane, me og vennane våre; prosjektkoordinatorane, forskingsrådgivarane og spesialrådgivarane. Forskringsrådet sine Kompetanseprosjekt med brukermedvirkning (KMB) og Brukerstyrte innovasjonsprosjekt (BIP) er institusjonalisert makt for å styre oss dit me ikkje vil. Hand i hand med ideen om den vesle fiskarbonden snakkar dei om det meiningsfulle livet som småbrukar og ei tilsynelatande problemfri omskulering til turistvert for flyktige shoppingar av den rurale idyll. Notorisk fornektar dei at grendene ligg mentalt nedgravne i bunadar og fjordingar (Viken 2007), dei tviheld på klisjeane og ser ikkje at det meste, og truleg også det beste, av næringsutviklinga skjer utan at Innovasjon Norge anar noko om det. Det skjer i skuggen av distriktpopulismen som vert halden i live av prosjektmakarveldet. Dei norske bygdene stemnar mot grunna med sosialkonstruktivistiske bygdesosiologar og BI-utdanna marknadsførar til rors, systematisk avviser dei alle draft og sjømerke som irrelevant og meinar det er representasjonar av farvatnet som tel.

Referansar:

- Almås, Reidar & Kari Mette Elden. 1997. Den rurale dimensjon – en teoretisk og geografisk avgrensning. R – 7/97, Senter for bygdeforskning. Trondheim.
- Baudrillard, Jean. 1983. *Simulations*. Semiotext(e). New York.
- Bell, Michael M. 1994. *Childerley*. University of Chicago Press. London.
- . 2007. The two-ness of rural life and the ends of rural scholarship. *Journal of Rural Studies* 23 (4):402–415.
- Belli, Brita. 2007. Locale is the new organic. E – *The Environmental Magazine*, XVIII (2).
- Blekesaune, Arild, Marit S. Haugen & Mariann Villa. 2007. The Dream of a Small-holding. Paper presentert på konferansen XXII ESRS Congress, 20.–24. august, Wageningen. Norsk senter for bygdeforskning.
- Cloke, Paul. 1977. An Index of Rurality for England and Wales. *Regional Studies* 11:31–46.
- . 2006. Conceptualizing rurality. I *Handbook of Rural Studies*. Redigert av: P. Cloke, T. Marsden & P. H. Mooney. Sage Publications. London.
- Cloke, Paul & Mark Goodwin. 1992. Conceptualizing Countryside Change: From Post-Fordism to Rural Structured Coherence. *Transactions of the Institute of British Geographers* 17 (3):321–336.
- Flo, Bjørn Egil. 2003. Økologisk landbruk - frå konfrontasjon til koalisjon. I *Den politiserte maten*. Redigert av: E. Jacobsen, R. Almås & J. P. Johnsen. Abstrakt forlag. Oslo.
- . 2006. Utanfor folkeskikken – ei forteljing om nye bygdefolk. *Syn og Segn* (2):6–15.

- Halfacree, Keith H. 1993. Locality and social representation: Space, discourse and alternative definitions of the rural. *Journal of Rural Studies* 9 (1):23–37.
- . 1995. Talking about rurality: Social representations of the rural as expressed by residents of six English parishes. *Journal of Rural Studies* 11 (1):1–20.
- . 2006. Rural space: constructing a three-fold architecture. I *Handbook of Rural Studies*. Redigert av: P. Cloke, T. Marsden & P. Mooney. Sage. London.
- Harvey, David. 1985. *The urbanization of capital*. Basil Blackwell. Oxford.
- Hoggart, Keith. 1990. Let's do away with rural. *Journal of Rural Studies* 6 (3):245–257.
- Hompland, Andreas. 1984. Rurbaniseringsprosessen: Bygdebyen og det nye Norges ansikt. N 9/84, Institutt for samfunnsforskning. Oslo.
- . 1990. Rurbanization, Suburbia and Matropolis. Social Scenarios in Norway and Europe. I *Rural Futures in an International World*. Redigert av: R. Almås & N. Witt. Centre for Rural Research. Trondheim.
- Jacobsen, Eivind. 2003. Mat som diskurs. I *Den politiserte maten*. Redigert av: E. Jacobsen, R. Almås & J. P. Johnsen. Abstrakt forlag. Oslo.
- Jensen, Thor Øivind. 2003. Hva hindrer moderne norske forbrukere å velge økologisk? Kritisk blikk på markedsføring og distribusjon. I *Den nasjonale kongress for økologisk landbruk 2003*. Redigert av: T. Cottis. Høgskolen i Hedmark. Elverum.
- Jones, Owain. 1995. Lay discourses of the rural: Developments and implications for rural studies. *Journal of Rural Studies* 11 (1):35–49.
- Klassekampen. 2009. Et luftsloft til 120 mill. *Olav Brostrup Müller*, 04.08.2009.
- Lønning, Dag Jørund. 2000. Nye tider, nye utfordringer. I *Bønder i soloppgang?* Redigert av: D. J. Lønning. Boksmia. Ål.
- . 2007. Fridomen til å skapa: alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling. Avhandling til grada Dr.philos. Universitetet for miljø- og biovitenskap, Ås.
- Løseth, Arnliot. 1991. Nordvestlandet – egalitært eller stratifisert? I *Bygdesamfunnet – en sammensatt helhet*. Redigert av: L. Marthinsen & H. Winge. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo.
- Mormont, Marc. 1990. Who Is Rural? or, How To Be Rural: Towards a Sociology of The Rural. I *Rural restructuring: global processes and their responses*. Redigert av: T. Marsden, P. Lowe & S. Whatmore. David Fulton Publisher. London.
- Moseley, Malcolm. 1980. Rural Development and its Relevance to Inner City Debate. Paper presentert på konferansen The Inner City in Context 9, London. Social Science Research Council.
- Nationen. 2005a. Kunstnarar bles i kvar dei bur. *Janne Grete Aspen*, 10.06.2005.
- . 2005b. Sponheim ønsker større bygdetomter. *Werner Wilh. Dallawara*, 02.06.
- . 2007. Trør til der andre ikkje tør. *Bjarne Bekkeheien Aase*, 08.09.
- Reinert, Erik S. 1997. Det tekno-økonomiske paradigmeskift – konsekvenser for norsk distrikts- og ressursbaserte næringer. 1/97, Norsk investorforum.
- Sponheim, Lars. 2003. Tale for Den nasjonale kongress for økologisk landbruk. 05.11. Hamar.
- TV2. 2003. Nærosset – bygda som ikke vil dø. 12.12.
- Urban, Jean Didier. 2002. *Paradis verts. Désirs de campagne et passions résidentielles*. Payot. Paris.
- Viken, Anne. 2007. Imageproblemet Sogn og Fjordane. *Kronikk*. Firda, 26.02.2007.
- . 2009. Den store image-strabasen. *Syn og Segn* (2):40–48.
- Villa, Mariann. 2000. Livsfasebygda – når sosialt behov endrar seg. I *Bygdeforskning gjennom 20 år*. Redigert av: R. Almås, M. S. Haugen & J. P. Johnsen. Tapir akademisk forlag. Trondheim.
- . 2005. Bygda som bustad. Avhandling til grada Dr.polit, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.

Note:

1 Sosiologomgrepet vert her nytta breitt og omfattar både geografar, landbruksøkonomar og stort sett heile spekteret av samfunnsforskarar som er opptekne av ruralitet.